



Vibeke Yvonne Dahl og Thomas Scharfscwerdt
Nordgardenshaugen 18
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2284 - 16/17508

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
12.09.2016

GBNR 23/430 - Førespurnad om mogleg søknadspliktige tiltak, oppføring av bod og tilbygg til bustad på Nordgarden - Frekhaug

Meland kommune har observert at det på Dykkar eigedom er blitt oppført ein frittstående bod/anneks, og at det er bygd ett tilbygg til bustaden på Gbnr 23/430. Vi kan ikkje sjå at tiltaka er omsøkt.

Eigedommen ligg i reguleringsplanen for Nordgarden- Frekhaug som konsentrert bustadbygging (KB8). Plan- og bygningslova § 20-5 har unntatt nokre mindre tiltak for søknadsplikt. Føresetnaden for unntaket er at tiltaket er i samsvar med arealplanstatus for eigedommen.

For eigedommane innanfor KP8 på Nordgarden- Frekhaug er det mellom anna satt at eigedommane skal ha minimum 200 m² uteopphaldsareal pr. bueining. (Reguleringsføresegn § 4 e). I tillegg er minste avstand til nabogrense på 4 meter absolutt.

Vedlagt følger veileder for når bod tilbygg er unntatt søknadsplikt: <http://dibk.no/globalassets/bygg-uten-a-soke/informasjonsblader/hva-skal-vare-i-orden-for-at-du-skal-kunne-bygge-garasje-eller-sma-tilbygg-uten-a-soke.pdf>

Etter ei foreløpig vurdering ser ikkje kommuneadministrasjonen at tiltaka som er gjort på Dykkar eigedom kjem inn under unntaksbestemmelsen i Plan- og bygningslova § 20-5. Vi vil i første omgang be om Dykkar uttale i saka om utført arbeid på eigedommen. Og på bakgrunn av opplysningar frå Dykk, vil kommunen vurdere om tiltaka kan godkjennast etter Plan- og bygningslova.

Frist for tilbakemelding er sett til tysdag **4.10.2016**.

Det vert orientert om at kommunen vil vurdere å iverksette undersøkingar med sikte på oppfølging av saka etter plan- og bygningslova kap 32 (ulovlig tiltak). Slik handsaming er gebyrbelagt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

hva-skal-vare-i-orden-for-at-du-skal-kunne-bygge-garasje-eller-sma-tilbygg-uten-a-soke

Mottakere:

Vibeke Yvonne Dahl og Thomas
Scharfscwerdt

Nordgardenshaug 5918
en 18

FREKHAUG